

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
049/20	Formannskapet	PS	08.04.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FA-X20	20/93

### Forlenging av skulestenging - til og med fredag 17. april

#### Vedlegg:

Kommuneoverlegen om forlenging av skulestenging

#### Framlegg til vedtak:

Skular og barnehagar i Austrheim kommune vert, heilt eller delvis, tidlegast opna for ordinær drift måndag 20. april 2020.

### Formannskapet - 049/20 - 08.04.2020

#### FS - behandling:

Kommunalsjef oppvekst og kultur Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka:

- Etter at denne saka var førebudd kom det ny melding frå regjeringa om opning av skular (1. til 4. trinn frå 27. april) og barnehagar (frå 20. april). Etter påska skal det komma føringar på korleis dette skal gjennomførast. Ein ser for seg at det vert meir uteskule, mindre grupper med meir. Har hatt møte med styrarar og rektorar i dag for å sjå nærare på dette. Ser på reinhald, tilgang til såpe med meir, avstand mellom elevar, måltidsrutinar, for å sjå kva som skal til. Opning av barnehagane frå 20. april kan verta knapt tidsmessig, om den statlege rettleiaren først er klar torsdag 16. april.

Rådmann Liv Løvvik viste til at når dei statlege retningslinjene kjem, så vil smittevernlegen sjå på om dette fungerer lokalt.

Kommunalsjef Fjellhaug viste til at smittevernlegen har sagt at personale eller elevar med symptom på luftvegsinfeksjon ikkje skal vera på skulen eller i barnehagen, og må vera heime til minst ein dag etter at symptoma er vekke.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at han kjende seg trygg på at dette vert løyst på ein god måte her i Austrheim.

Rådmann Liv Løvvik sa at det vil komma utfordringar med ressursar, mellom anna med enkelte som er omdisponerte til andre oppgåver i samband med Korona.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er utfordringar i dette, er der areal nok på skulen, kva gjer ein med

dei som ikkje leverer borna på skulen eller i barnehagen, kva gjer ein med tanke på betaling i barnehage og evt. fjernundervisning for elevar som ikkje kjem på skulen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at born som ikkje brukar barnehageplassen, ikkje bør betalast for.

Rådmann Løvvik sa at ein må sjå nærare på kva som gjeld for statleg kompensering for kommunen sine tapte inntekter, om ein skal seia opp plassen i barnehagen eller liknande for å sleppa å betala.

Inger Lise Brekke (H) oppmoda til at ein så langt som mogleg klarer å halda dei datoane som er sette sentralt for opning av barnehage og skule, slik at bedriftene får tilbake sine tilsette. Oppfordrar til at kommunen hentar inn dei ressursane som trengst, for å klara dette.

Rådmann Løvvik sa at ein skal gjera så godt ein kan med å vera budde, og så må ein sjå dei retningslinjene som kjem over påske. Økonomisk sett så har kommunen fått 2,2 millionar som skal dekkja utgifter og skattetap. Det er knapt, men ein merkar utgifter for Korona slik at ein ser kva dette er kosta. Med dei skattetapa som ein ser no, er det usikkert med likviditeten på litt sikt. I vedtaket er det elles teke inn atterhald med tanke på at ein må ha ein del ting på plass før opning, som areal, skyss, tilsette som er disponible eller som er overflytta til helse/omsorg, eller har eigne helseutfordringar.

Inger Lise Brekke (H) sa at det ligg ein viktig jobb for personalet med å gje barn og foreldre ein tryggleik over at tilbodet er sikkert i skule og barnehage, slik at ingen har borna heime av di at dei er utrygge.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at når barnehagetilbodet er definert som ope, så må ein betala for det. Betaling har vore ute når det var stengt, men når det er ope igjen må ein betala også.

Per Lerøy (Ap) sa at det er viktig å følgja dei statlege retningslinjene for når skular/barnehagar skal opnast, også for å sikra frigjering av arbeidskraft, slik det er nemnt av Inger Lise Brekke.

Inger Lise Brekke (H) sa at Austrheim er i to kriser med oljekrise og Korona. Veldig viktig at alle brukar det, er barnehagen open så må ein betala for plassen eller ta barnet ut.

Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug sa at ein skal jobba for å klara desse datoane (20. og 27. april), og at betalinga må starta igjen når tilbodet er på plass igjen (barnehage). Skulen er eit lovpålagt tilbod, og om nokon held barna heime så må foreldra ta ansvar for undervisninga, kommunen har ikkje kapasitet til å driva begge former for undervisning. Er ein del punkt som treng avklaring, til dømes at tilsette i skule/barnehage må møta på jobb, men har omsorgsplikter heime for barn som ikkje skal på skulen. Vil henta inn studentar for å hjelpa til i skule og barnehage, mellom anna med tanke på tilsette som er spesielt risikoutsette. Må også ha eit undervisningstilbod til elevar i 5. - 6. og 7. klasse, sidan desse årstrinna ikkje skal på skulen i første omgang.

Inger Lise Brekke (H) ba om at det vart informert ut til heimane. Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug svara at det vil gå informasjon ut både via Vigilo-systemet i skulane, og frå kommunalsjefen direkte til heimane. Møtesekretæren samarbeider med Fjellhaug om å formidla informasjon via kommunen si nettside/Facebook.

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS vedtak:**

Skular og barnehagar i Austrheim kommune vert, heilt eller delvis, tidlegast opna for ordinær drift måndag 20. april 2020.

## **Saksopplysninger:**

### **Bakgrunn**

Kommunal kriseleiing (KKL) ved smittevernlegen vedtok i møte torsdag 12. april å stengja barnehagane og skulane i Austrheim, frå og med måndag 16. mars til og med måndag 13. april. Seinare same dag vedtok regjeringa å innføre strenge restriksjonar og tiltak i samband med å hindre spreiding av Korona-smitte. Eit av tiltaka var å stengje skulane og barnehagane i heile landet frå og med klokka 18.00 same dag og i første omgang til torsdag 26. mars, dette vart seinare forlenga til å gjelde til etter påske, måndag 13. april. Regjeringa har meld tysdag 7. april klokka 16.00 ein pressekonferanse for vurdering av tiltaka.

I tida skulane og barnehagane har vore stengt, har det vore gjeve omsorgstilbod til born med særskilte behov og born med føresette med jobb innan samfunnskritiske tenester.

I skulane har det vore gjennomført heimeundervisning digitalt, der lærarane har gjeve elevane undervisning og oppgåver så langt som mogleg og ein har snudd seg om på ein framifrå måte. Arbeidet for å taka vare på elevane, har vore enorm og det har vore krevjande. Vi veit at mange opplever tida som vanskeleg og krevjande, og vi har også oppretta «hjartetelefon» på både Kaland og Årås som elevar som treng nokon å prate med, kan ringje. Så langt har det ikkje vore meldt at det har vore mange som har nytta seg av dette. Det er viktig at moglegheita er der.

Pedagogane i barnehagane har også følgt opp sine barnegrupper. Dei har teke kontakt og prøvd så langt som mogleg å følgje opp.

Noko av personalet i som vanlegvis arbeidar i skule og barnehage, har vore omdisponert til andre oppgåver. Dei som har helsefagleg bakgrunn har vore først og fremst nytta inn mot helse og omsorg.

Vi går no inn i påskehøgtida og dersom skulane og barnehagane skal opnast like over påske, vil det vere vanskeleg, også med tanke på å taka i vare smitteomsyn. Uansett treng ein den første veka til å rigga skulen best mogleg for å ta i mot elevane, og ein ser for seg ei gradvis opning av skulane og barnehagane. Dei tilsette må gjerast trygg på smitteomsyn og ein må også sjå til å kunna taka i vare dei retningslinjer som følgjer av FHI. Ein avventar også tilbakemeldinga nasjonalt om kva ekspertgruppa tilrår i høve å ha barn og ungdom saman i skule og barnehage. Vi har heller ikkje på plass skuleskyss og dette treng det også tid til å organisera frå Skyss si side, før ein kan la elevane koma attende i skulen.

Vi veit at mange er engstelege både for seg sjølv og for andre og korleis smitten vil spreia. Vi treng difor tid til å førebu å ta imot borna og elevane på ein best mogleg måte. Det må også kartleggjast arealmessig dersom det vert sett avgrensingar for kor mange som kan vere i same klasserom/areal.

Tiltaka som har vore sett i verk frå nasjonale styresmakter syner god effekt på smittebreiinga av Covid-19, men er samstundes dei mest i inngripande i Noregs historie. Vi må samstundes seie at vi ikkje veit korleis smittespreiinga er blant barn og unge og ein må difor vere varsam og gjere grundig vurderingar for å hindre smitte. Vi veit det kan bli krevjande om det skal bryte ut smitte hos oss.

## **Vurdering**

Smittevernlegen har gjeve uttale som stadfestar at det må gjevast tid til ei eventuell gradvis opning av skulane og barnehagane på ein smittevernmessig betryggande måte. Rådmannen vurderer det difor som svært uheldig å opne skulane og barnehagane like over påske og ein bør førebu ei opning på ein best mogleg måte ut frå overordna smitteomsyn og ut frå tilrådingar frå styresmaktene. Smittevernlege, Petter Kubon, har gjeve seks punkt ein må ta omsyn til for at ei opning skal kunne vere tilrådeleg. Det vert vist til vedlegg frå smittevernlegen.

## **Konklusjon**

På bakgrunn av dette tilrår rådmannen at barnehagar og skular tidlegast kan opnast måndag 20. april, men ein må kontinuerleg vurdere opp mot sentrale styresmakter sine tilrådingar. Rådmannen har følgjande framlegg til vedtak:

Skular og barnehagar i Austrheim kommune vert, heilt eller delvis, tidlegast opna for ordinær drift måndag 20. april 2020.